

VEDTEKTER

FOR

GOL KOMMUNALE EIGEDOMAR AS.

§ 1. Namn på selskapet.

Namnet på selskapet er *Gol Kommunale Eigedomar AS*.

§ 2. Selskapet sitt formål.

Føremålet er primært å føre opp, eige, drifte og leige ut bygningar til kommunen, fylkeskommunen og staten.

Selskapet kan også føre opp, eige, drifte og leige ut bygningar til andre føremål etter vedtak i generalforsamlinga.

Selskapet kan eige dotterselskap og/eller delta i andre selskap etter vedtak i generalforsamlinga. Oppretting av dotterselskap og/eller deltaking i andre selskap treng samtykke frå generalforsamlinga med 2/3 fleirtal.

§ 3. Selskapet sitt forretningskontor.

Forretningskontoret er i Gol kommune.

§ 4. Selskapet sin aksjekapital.

Aksjekapitalen er kr 25.000.000 delt på 25.000 aksjar kvar på kr 1.000 fullt innbetalt.

§ 5. Omsetning av aksjar.

Sal av aksjar treng samtykke frå generalforsamlinga med 2/3 fleirtal.

§ 6. Endring av aksjekapitalen.

Generalforsamlinga kan vedta aksjeutviding, nedskrivning eller oppskrivning av aksjekapitalen.

§ 7. Generalforsamling og vedtaksmynde

Ved avgjerder som krev 2/3 fleirtal etter aksjelova eller vedtektene, krevst slik fleirtalsvedtak også i kommunestyret.

§ 8. Selskapet sitt styre.

Generalforsamlinga vel eit styre på 3-5 medlemmer, valt for to år og 2 varamedlemmer for eitt år. Med 5 i styret fell kravet om 2 vara bort.

Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar for eitt år om gongen.

Generalforsamlinga vel valkomite.

Styret kan meddele prokura.

§ 9. Revisor.

Generalforsamlinga vel selskapet sin revisor.

§ 10. Styret sin forretningsorden.

Forvaltning av selskapet høyrer inn under styret.

Styreleiar, eller etter krav frå dei andre styremedlemene, revisor eller dagleg leiar, kallar skriftleg inn til styremøte med varsel på minst en veke. Innkallinga skal innehalde ei oversikt over dei sakene som skal behandlast.

Styremøte blir leia av styreleiar, eller dersom vedkomande er fråverande, av nestleiar i styret.

Styret er vedtaksført når 3 medlemmer, inkludert møtande varamedlemmer, er til stades.

Saker til behandling blir avgjort med simpelt fleirtal mellom styremedlemene.

Firmaet blir teikna av styreleiar og ein av dei andre styremedlemene.

§ 11. Dagleg leiing.

Firmaet blir leia av dagleg leiar. Dagleg leiar blir tilsett av styret, som fastset instruks.

Dagleg leiar er ansvarleg for at selskapet blir drive i samsvar med gjeldane lover og forskrifter, sin instruks og dei vedtak som blir fatta i selskapet sine organ.

§ 12. Ordinær generalforsamling.

Ordinær generalforsamling blir halde kvart år innan utgangen av mai månad.

Generalforsamlinga blir kalla inn skriftleg av styret med varsel på minst to veker.

Ordførar er selskapets generalforsamling

Generalforsamlinga vel møteleiar.

Saker til behandling på generalforsamlinga må sendast til styret minst tre veker før generalforsamlinga skal heldast.

Den ordinære generalforsamlinga behandlar og avgjer:

- Resultatrekneskap og balanse.
- Bruk av overskott, eller dekning av underskott i samsvar med fastset balanse.
- Melding frå revisor.
- Val av styre.
- Val av styreleiar og nestleiar
- Fastsette godtgjering til styret.
- Val av revisor og godkjenning av godtgjering.
- Andre saker nemnt i innkallinga.

§ 13. Ekstraordinær generalforsamling.

Ekstraordinær generalforsamling blir halde når styret finn det nødvendig, etter krav frå revisor, skifteretten, eller frå eigar.

Innkallinga skal være skriftleg med varsel på minst to veker, og innehalde dei sakene som skal behandlast.

§ 14. Oppløysning.

Dersom generalforsamlinga vedtek å oppløyse selskapet, skal det veljast eit avviklingsstyre som avviklar selskapet, betaler selskapet sin gjeld og krev inn uteståande fordringar. Gjenståande formue blir betalt ut til eigaren.

§ 15. Endring av vedtektene.

Endring av desse vedtektene skjer på generalforsamling.

Vedtatt på stiftingsmøtet, i konstituerande generalforsamling 21.02.2002.

Revidert 22.05.2007 og 17.06.2008 (08/1199).